Arrangørane er evangeliske kyrkjer og organisasjonar i Nord-Amerika og Europa. Konferansen vert lagt opp med møter for ulike nettverk og ei rekkje workshops ein kunne velje mellom. Det er eit stort spenn i tema – høvelege for personar i ulike situasjonar og arbeidsoppgåver. Foredragshaldarane held eit høgt akademisk nivå og dei fleste hadde lang erfaring frå sitt fagfelt.

Storparten av deltakarane er frå Europa med god representasjon frå Aust-Europa. Deltakarane representerer ulike aldersgrupper og forskjellige yrker. Somme er engasjerte i kristent arbeid på heiltid andre som friviljuge i kyrkjer eller organisasjonar. Det er eit tydeleg misjonsengasjement på konferansen og mellom deltakarane.

Det var inspirerende å delta på konferansen i 2011 og ta del i nettverket Bible Teachers and Preachers Network. Dette nettverket fokuserte spesielt på forkynning og bibelundervisning. Foredragshaldarane heldt eit høgt nivå og representerte mykje praktisk erfaring frå ulike forkynningsoppgåver. Vi arbeidde ein god del i grupper med å førebu preiker utifrå bestemte bibeltekster. Innspela frå deltarane om korleis vi kunne applisere den bibelske budskapet i forkynninga, var mange og nokså ulike. Men lærerikt var det. Det gav ein ny «input» til meg som forkynnar. Det ville vere lærerikt og nyttig om vi som forkynnalarar i større grad kunne arbeide saman i grupper om teksttolking og applikasjon av budskapet inn i våre konkrete kontekster.

Tilliten til Bibelen som Guds ord var basis for konferansen. Foredragshaldarane var opptekne av at Bibelens ord må brukast inn i alle samanhengar i samfunnet. Forkynnarar må med tillit og stort frimod eksponere Bibelen sin autoritet i talar og bibelundervisning.

Eg kan summere opp inntrykka mine frå konferansen i tre punkt. Til saman understrekar dei kva ein forkynnar bør legge vekt på i arbeidet med å utforme ei preike:

1. Stor tillit til at Bibelen er Guds openberringsord som kan gi svar på mange av dei spørsmåla det moderne og urbane mennesket stiller.
2. Stor vekt på å identifisere og trenge inn i aktuelle og konkrete problemstillingar i samfunnet.
3. Stor vekt på å finne fram til måtar å kommunisere den bibelske budskapet på slik at ein når fram til menneska av i dag.

### Punkt 1:

*Stor tillit til at Bibelen er Guds openberringsord som kan gi svar på mange av dei spørsmåla det moderne og urbane mennesket stiller.*

At Bibelen er Guds openberringsord er framheva og vektlagt på bedehuset og i konservativ teologi generelt. Bibeltruskar er ei sjølvsgd sak i våre samanhengar. Likevel gav konferansen meg ein ny dimensjon til dette temaet.

Bibelen kan gi sanne og rette svar på mange spørsmål det moderne mennesket stiller. Det er viktig at forkynnarar brukar Bibelen med ei slik overtyding. Forkynnaren må la tilhøyrarane få del i denne overtydinga og tillita til Bibelen. Men ei slik tillit vert først realisert hos den enkelte når ordet vert forkynt på ein slik måte at det vert relevant for utfordringane i kvardagen. Når ordet vert forkynt slik at det vert erfart som relevant og samstundes truverdige, vert det skapt *reell* og *konkret* tillit til Bibelens ord. Forkynninga må altså vere relevant for det moderne mennesket, og invitere menneske til å setje budskapet ut i praksis – så ein finn gode løysingar på dei utfordringane ein står overfor.

Skal dette skje, må forkynninga vere livsnær og Bibelens ord verte brukt konkret og direkte inn i dagleglivet til folk. Ordet må verte forkynt så konkret og forståeleg at det kan hjelpe den enkelte til ei positiv løysing i den aktuelle situasjonen. Her ligg ei stor utfordring for forkynnarar.

Bibeltruskap er eit viktig tema i bedehusmiljø og i konservativ teologi. Det er heilt avgjerande for sann evangelisering og misjon. Det kan derfor ikkje understreka sterk nok i kristen samanheng. Men kanskje har uttrykket bibeltruskap vorte brukt meir som ein «etikett» – ein påklistra merkelapp, meir enn som ei indre overtiding skapt av Bibelen sjølv, som får konkret innverknad på dagleglivet?

Lukkast ein med å forkynne livsnært og forståeleg slik at bibelordet *overtyder* og vert *brukt i kvardagen*, vil det skape reell bibeltruskap. Då vil den reelle respekten for Guds ord auke rundt om i forsamlingane.

For den kristne forsamlinga er det ikkje nok at bibeltruskap vert fasthalde som eit teoretisk stadpunkt. Bibeltruskapen vert reell og får verdi først når den vert konkretisert og praktisert i kristenlivet. Det er ikkje nok at bibeltruskapen vert proklamert som ein etikett. Bodskaen må forkynnast på ein slik måte at bibelordet vert omsett til eit praktisk kristenliv.

Her trur eg forkynninga vår kan fornyast og forbetrast mykje. Kanskje kan vi lære noko ved å sjå til andre evangeliske konfesjonar og teologiske retningar. Reformert teologi har ofte eit sterkare fokus på det kristne livet; ein forventar derfor at forkynninga skal gi svar på aktuelle spørsmål i kvardagen.

## Punkt 2:

*Stor vekt på å identifisere og trenge inn i aktuelle og konkrete problemstillingar i samfunnet.*

Som sagt vart det lagt stor vekt på å vere konkret i forkynninga og prøve å gi svar utifrå Bibelen på aktuelle problemstillingar som folk strevar med i dag. Dette er først mulig når vi kjenner kontekstene som det moderne mennesket lever i, og spørsmåla det strever med.

Eit av dei mest sentrale orda i kristendomen er synd. Dette er også, på ulike måtar, eit høgst sentralt tema i livet til det moderne menneske. Forkynninga må derfor ikkje tone ned dette temaet, men løfte det opp og snakke sant om det. Spørsmålet er korleis dette skal gjerast.

Synd som både noko ein sjølv har gjort gale, og gale som er blitt gjort mot ein, er noko alle har opplevd. Men synda vert kanskje ikkje forstått som brot mot Guds heilage lov og vilje, som fører skuld og død og dom med seg. Synd er reell først og fremst som ei oppleving og erfaring i det daglege livet. Ho fører sorg og vanskar inn i livet og er opplevd som ei destruktiv kraft som øydelegg kvardagen til folk.

Ein kjend teolog frå England og ein markert evangelikal forkynnar i mange år, Michel Green, heldt foredrag over «How can we preach sin in today's culture.» Han stilte seg opp framfor forsamlinga med beina breitt frå kvarandre som ein illustrasjon. «Vi må ha eitt bein planta i Bibelen sin bodskap og det andre beinet planta i kultur og folkeliv slik det er i dag. Begge sidene må vi kjenne godt og forstå om vi skal lykkast med forkynninga vår. Vi må lytte til begge sidene og ta begge sidene fullt og heilt på alvor.» Han auste av sin omfattande kunnskap og hadde stor innsikt i korleis dette kan gjerast i forkynninga. Konkret forkynning til konkrete utfordringar som det moderne mennesket står midt oppe i, var ein gjennomgangstone i foredraget hans og under heile konferansen. Den evangeliske bevegelsen må med stort frimod løfte fram Bibelen som Guds autoritative ord som kan gi svar på mange av dei spørsmåla og utfordringar det moderne menneske står overfor.

### Punkt 3:

*Stor vekt på å finne fram til måtar å kommunisere den bibelske bodskapen på slik at ein når fram til menneska av i dag.*

Konferansen var oppteken av å kommunisere Bibelens bodskap i alle lag av samfunnet, og å ta i bruk moderne hjelpemiddel som film og media. Også i generell samfunnsdebatt og politikk, eller på universitet og i vitenskapleg arbeid kan Bibelens ord brukast og prøvast og på den måten vere med på å prege utviklinga.

Det råde ei klar overtyding i konferansen om at Guds ord i realiteten er sterkt etterspurt, men at dette av ulike årsaker er underkommunisert i det vestlege samfunnet. Når det gjeld forkynninga, vart det særleg lagt vekt på å aktualisere Bibelens ord i møte med det moderne mennesket for på den måten å gi klare og løysingsorienterte svar på utfordringane det står overfor.

Synd er den store utfordringa for mennesket, seier Bibelen. Det gjeld også for det moderne mennesket i Europa i dag, poengterte Michel Green. Eitkvart menneske er på ein eller annan måte kjende med fylgjene av synd, det gjeld direkte frå sitt eige liv, eller frå samfunnslivet. Bibelen omtalar og karakteriserer synda på mange måtar – som slaveri, sjukdom, fiendskap overfor Gud eller som skuld. Det er dette siste som er kjernen i all synd. Hovudproblemet for menneska er at synda gjer oss skuldige innfor Gud. Korleis vi skal kommunisere dette er ei stor utfordring.

Dei fleste moderne menneske identifiserer ikkje synda i livet sitt som eit skuldspørsmål innfor Gud. Ho er for folk flest ikkje opplevd som ei eksistensiell krise i form av skuld innfor ein allmechtig Gud. Her har konteksta endra seg mykje i Noreg dei siste 50 åra.

Derimot opplever mange syndas fylgjer og konsekvensar i livet sitt. Synda er opplevd som ein realitet, og nettopp *der* står kampene for mange. Temaet synd er altså liksom tidlegare sentralt i menneskelivet. Og framleis, som Bibelen poengterer, er hovudproblemet at mennesket er *skuldig* innfor Gud.

Konferansen gav eit bestemt inntrykk av at dette var det underliggjande og heilt sentrale problemet for mennesket i dag. Samstundes var ein oppteken av å nærme seg temaet ved å ta ein «omveg» om den «opplevde verkelegheita» og dei mange situasjonane som gjev menneske nærkontakt med synda i livet sitt. Utfordringa for forkynnaren er å tale på ein slik måte at synda vert gjenkjend av folk. For mange er synda godt kjend i livet, og er opplevd som noko som skaper avstand til menneske og Gud, som tomheit og utilfredsheit, manglande meining i livet og søking inn i materialismen, ei kjensle av moralsk skuld, slaveri under lyster, m.m. Desse tinga må ein setje ord på og omtale som synd, slik at synda vert kjend og identifisert i livet til folk. I møte med synda har så evangeliet svar å gi.

I vår forkynnartradisjon har vi kanskje lagt størst vekt på å presentere synda som skuld. Dette er bibelsk rett og sant, og heilt sentralt, og for mange bibellesarar lett å kjenne seg att i. Men for den som er mindre kjend i Bibelen og truslæra, er denne gjenkjenninga ikkje like opplagd. I dag er det kanskje nødvendig å gå vegen om dei mange opplevingane synda er opphav til, for at folk skal kunne identifisere henne som det store eksistensielle problemet i livet. Forkynninga må altså gå vegen om denne «opplevde verkelegheita,» for så deretter å føre mennesket inn for den heilage Gud og hans ukrenkjelege lov. Dette siste er målet som ein aldri må miste or syne. Då vil truleg også erfaringa av skuld dukke opp hos tilhøyrarane, og ein vil i neste omgang ha høve til å kome inn på det som er kjernen i kristendomen: Guds forsoning gitt oss i Kristus Jesus, slik Paulus uttrykkjer det i Rom 3,25 og 1. Kor 2,2.

Her trur eg vi står i ein god tradisjon i NLM. Organisasjonen har vore kjend for å ha hatt forkynnarar som har vore konkrete i si forkynning, og som har gjeve klare svar på dei utfordringane folk levde i. Dei levde nær folket i dagleglivet og dei kunne derfor møte folk med ei forkynning som gjorde at dei kjende seg igjen og fekk svar på spørsmåla sine. Siktepunktet til dei gamle forkynnarane var å møte menneska i den kvardagen dei levde, og tale ord

som kunne få betydning for det som «brann» i liva deira. Dei var livsnære og gav positive løysingar utifrå Bibelen på dei spørsmål folk hadde. Dei hadde både tillit til Ordet, innsikt i kvardagsproblema til folk, og evne til å formidle på ein forståeleg måte. Ei slik forkynning er mulig også i dag.

Likevel har eg, trass vår gode forkynnartradisjon, eit bestemt inntrykk av at forkynninga i ein del andre evangelikale kretsar er dristigare enn det den jamne luthersk forkynninga i dag er. Mange av foredragshaldarane hadde reformert kyrkjeleg og teologisk bakgrunn. Dei gav uttrykk for ei sterk tillit til at Bibelen var den kjelda som viser oss Guds vilje og veg i dei mange spørsmål og prioriteringar som møter ein i kvardagen, og at dette i neste omgang kan føre tilhøyraren inn på dei sentrale spørsmåla i trua. Denne typen forkynning kjende eg igjen frå møte med reformert teologi frå tida som misjonær i Bolivia. Omvending og eit nytt liv i etterfølging har ofte kome som resultat.

Det siste eg vil nemne under dette punktet, er *reaksjonane som forkynninga kan skape* i livet til det moderne mennesket. Eg har stilt meg dette spørsmålet: Kva slags reaksjonar får vi i dag frå det moderne mennesket? Dette er eit heilt avgjerande punkt for forkynnaren. Etter mitt syn er det i det lange løp ikkje mulig å oppretthalde ei levande forkynning som einvegskommunikasjon. Ein eller annan reaksjon og tilbakemelding er nødvendig om forkynninga skal kunne oppretthaldast i ei kyrkje eller ein organisasjon. Dersom ein ikkje får respons, vil ein anten «gå tom» og gi opp, eller så «går ein seg vill.» Ingen reaksjon eller tilbakemelding vil til slutt vere med på å endre forkynnartenesta.

Reaksjonar er det ikkje mangel på når det blir vekking. Forkynnaren opplever i slike situasjonar klare tilbakemeldingar på forkynninga si. No opplever vi mindre vekking, og reaksjonar er derfor vanskelegare å registrere. Det er mindre respons på forkynninga i form av omvending og nytt liv. Dette slit både på forkynnaren og på fellesskapet.

Er ikkje dette ein grunn til å revurdere forkynninga vår? Eg tenkjer då ikkje på innhaldet i henne, men på applikasjonane av ordet og på kommunikasjonsformene våre. Frå misjonærenesta er kulturforståing og kontekstualisering viktige tema for å nå inn til folk. Det gjeld å kjenne og å finne dei rette innfallsvinklane for å «nå inn» med den bibelske budskapen. Det gjeld å gjere forkynninga forståeleg og aktuell for kvardagssituasjonane som folk er oppe i, for så å la Bibelens budskap lyde inn i liva deira.

Eg spør meg sjølv om eg er like oppteken av dette i mi forkynnarteneste i Noreg? Kanskje kunne vi i forkynninga hjelpe kvarande med dette, det kunne til dømes skje gjennom tekstverkstadar der ein samlast med kollegaer for å



arbeide med preikeførebuing. Eg trur at mange forkynnarar og misjonærar sit inne med mange erfaringar på dette området – som kan delast med fleire. Innsyn kan òg vere ein stad å ta opp slike tema.

Eg har oppsummert inntrykka og reflektert litt over det eg fekk med meg frå konferansen i Budapest i 2011. Den store utfordringa er å bevare eit bibelsk sant og rett innhald, og å makte å formidle det i forkynninga. For mi eiga teneste som forkynnar var konferansen til nytte og til stor inspirasjon. Bibelens ord er sanningar som det moderne og urbane mennesket er på leiting etter. Av ulike grunnar er dette underkommunisert i vår tid. Med stort frimod skal vi derfor bruke Bibelens ord og søkje å kommunisere det inn i vår eiga tid.

## Kontekstualisering – praktisk talt

Arne Redse

Professor i misjonsvitenskap, FiH

### Innleiing

Guds openberring for oss menneske vart inkarnert ved Kristi kome og verksemd, og tekstene om openberringa vart særskilt skrivne for dei første adressatane. Dette innebar at budskapet i eit kvart skrift i Bibelen vart det vi kan kalle *kontekstualisert* for dei tilhøyrarane som den først var adressert til. På same måten bør den kristne budskapet til alle tider og alle stader *kontekstualiserast* for dei den vert formidla til.

I denne artikkelen vil eg presentere ein metode for kontekstualisering av den kristne budskapet til kontekster der den ikkje før er forkynt. Spesielt i misjons-samanheng er det høgst aktuelt å kunne meistre visse praktiske grep for ei god kontekstualisering.

Kjelda til det eg presenterer i det følgjande, er del 2 i mi doktoravhandling, «*By Grace Alone*» in *Contexts of «Self-Cultivation»: An Attempt at Contextualizing the Lutheran Doctrine of Justification to Chinese Contexts as Influenced by New Confucianism* (Stavanger: MHS-Forlaget, 2006), side 38-91. Det er dei konkrete og praktiske elementa av denne metoden eg vil presentere i denne artikkelen (side 78-91 i avhandlinga). For den som måtte vere ute etter meir grunnleggande vitskapsteoretisk stoff om kontekstualiseringsproblematikken, viser eg til side 38-78 i del 2 i doktoravhandlinga.

### Ein bibeltru kontekstualiseringsmodell

La meg først kort nemne Stephen B. Bevans si bok *Models of Contextual Theology, Revised and Expanded Edition*.<sup>1</sup> Bevans klassifiserer dei forskjellige metodane eller modellane som kontekstualiseringsteologar har presentert og arbeider etter, i seks typar: *the countercultural model, the translation model,*

---

<sup>1</sup> New York: Orbis Books, 2002.

*the anthropological model, the praxis model, the synthetic model og the transcendental model.* Dei to første omtalar han som «text-based» – dei opererer med Skrifta som normativ. Dei fire siste reknar han som «context-based» – det vil seie at i møtet med Skrifta får konteksta det siste ordet. Dei mest brukte metodane er i følgje Bevans å plassere innan «the translation model.» Metoden eg nyttar i doktoravhandlinga mi, er etter Bevans sin klassifikasjon å plassere innan denne modellen. Bevans har sjølv plassert metoden eg brukar, innan denne kategorien.<sup>2</sup> Metoden eg nyttar i denne artikkelen, er altså å finne innanfor gruppa av dei mest brukte. Eit vesentleg vilkår for meg er at denne modellen er «text-based.» Den gjev rom for Bibelen som avgjerande norm.

Det er viktig å få med at trass i namnet framstiller ikkje Bevans «the translation model» som metodar prega av einvegskommunikasjon. Modellen inkluderer at det på fleire måtar må dreie seg om dialog mellom formidlar og kontekst.

## Ein definisjon av kontekstualisering

I metoden eg presenterer og nyttar i doktoravhandlinga mi, er kontekstualisering oppsummerande definert ved følgjande tre punkt:

\* Kontekstualisering av den kristne bodskapen er forsøk på å formidle den bodskapen som den treeinige Gud har openberra for oss i ord og gjerning, slik denne er gjengjeven i Bibelen og meir eksplisitt utfalda i Bibelen si verknadshistorie (vedkjenningshistoria).

\* Formidlinga må vere tru mot bodskapen sine forståingsrammer (dei mest sentrale er skapings- og frelseshistoria, Kristus som Skrifta sitt sentrum, og lov-evangelium-dialektikken), og tru mot bodskapen sitt saklege innhald (kva vert faktisk sagt i tekstene?) og tru mot bodskapen si sentrale målsetjing som er å *skape tru på Gud og gjenføde til eit kristent liv og slik meddele Guds frelse.*

\* Ei slik formidling må inkludere at ein framhevar bodskapen si evne til å kunne opplevast som meiningsfull for mottakarane i deira respektive kulturelle og eksistensielle kontekster, og bodskapen si evne til å kunne bevege mottakarane i den retning dei bibelske boda og lovnadane (lov og evangelium) peikar – altså i retning av kristen ei tru og eit kristent liv.

<sup>2</sup> Denne plasseringa er å finne i ei ikkje-publisert vurdering Bevans har gjeve meg av doktoravhandlinga.

Som ein grunnleggande føresetnad for ei bibeltru kontekstualisering legg vi til grunn det synet at Gud i Bibelen er Herre over all tid og alt rom, alt er underordna han, også ein kvar kulturkontekst. Kristendommen meiner å representere den overordna forståing av verda og tilværet slik Gud har openberra den for oss. Kristendommen er altså universalistisk. Og sanninga om røyndommen forstår ein som éi, den er eintydig.

## Tre hovudsaker som kontekstualisering må dreie seg om

Meir konkret bør ein metode for kontekstualisering dreie seg om i alle fall følgjande moment:

### *I Ei kontekstsensitiv forståing av budskapet*

Ein grunnleggande føresetnad for ei slik bibeltru kontekstualisering må vere at vi tileignar oss ei historisk og dermed kontekstsensitiv forståing av budskapet. Korleis var det meininga at budskapet i dei bibelske skriftene skulle forståast i dei første kontekstene den var tala eller skriven for? Det deier seg om det vi vil kalle historisk lesing av tekstane. Vidare spør vi korleis den same budskapet er blitt utfalda gjennom dogmehistoria som er budskapet si verknadshistorie opp til vår tid. Det dreier seg om at vi utvidar vår forståingshorisont slik at den i best mogeleg grad inkluderer både dei bibelske og dei seinare teologi-historiske rammene for forståinga av budskapet.

### *II Studere og inkludere målkonteksten sin forståingshorisont*

Eit avgjerande vilkår for adekvat kontekstualisering er at formidlaren (misjonæren/ forkynnaren/ læraren) utvidar forståingshorisonten sin slik at den inkluderer ikkje berre Bibelens og eins eigen kulturkrets og historie (frå Bibelen til i dag), men også målkonteksten sin forståingshorisont. Til dette formålet vil vi ha god nytte av ein modell for analyse av kulturkontekster – for analysen av den aktuelle målkonteksten. Her er ikkje rom for nærare presentasjon av ein slik modell. Men eg viser til ein modell eg har presentert i andre samanhengar.<sup>3</sup> Det er viktig å merke seg at ein kvar religion vil vere inkludert i det vide kulturomgrepet som eg opererer med i modellen det er vist til.

---

<sup>3</sup> Jf. for eksempel analysemodellen i Arne Redse, *Mennesket i Guds verden* (Oslo: Lunde Forlag, 2007), 22, eller ei meir utbygd utgåve av denne i Arne Redse, «Utkast til ein modell for kulturanalyse,» i *Budskap*, 2007, 112-128. Modellen bygg ikkje minst på David J. Hesselgrave, Paul Hiebert, Ninian Smart (sju dimensjonar) og Per Magne Aadnanes (tre livssynselement).

### *III Den konkrete framgangsmåten når tekst og kontekst ligg føre*

Det tredje momentet vil så vere å utforme ein adekvat *metode* eller *framgangsmåte* for korleis vil kan formidle og relatere budskapen (forstått ut frå sin historiske kontekst) til den aktuelle målkonteksten vi har tileigna oss innsikt i og vil misjonere for. Korleis kan vi konkret kontekstualisere den kristne budskapen innan den analyserte kulturkonteksten. Eg vil meine at dette arbeidet bør kunne inndelast i fire steg, som rett nok heng nøye saman, men som likevel bør kunne reknast som fire separate trinn i prosessen.<sup>4</sup>

#### **1 Språkarbeid**

Det mest grunnleggande arbeidet ved kontekstualisering av den kristne budskapen til nye stader og kulturar der den ikkje har vore forkynt før, er å gjere budskapen tilgjengeleg på det lokale språket i språkformer som best mogeleg dekkjer budskapens meiningsinnhald.

Det vil dreie seg om eit nitidig språkarbeid der ein må kartlegge tilfanget av høvelege lokale språklege komponentar så som ord, uttrykk, ordtak, metaforar, poesi, myter og forteljingar som kan brukast for å uttrykke best mogeleg budskapens meiningsinnhald. Det er spesielt viktig å finne fram til høvelege ord og uttrykk for dei spesifikt kristne omgrepa (som for eksempel *treeinig, einboren, himmelen, frelse, nåde, soning, rettferdiggjering, gjenfødning, heilaggjering, tru, kjærleik, ande, sjel, og ikkje minst Gud*) – ord som kan innhaldsbestemast slik at dei best mogeleg dekkjer dei same semantiske felt som dei tilsvarande bibelske orda, og dermed kan referere greitt og forståeleg til dei bibelske omgrepa. Såleis vil ein kunne utvikle eit omgrepsapparat for formidlinga av den kristne læra innan det aktuelle språket. Når det dreier seg om språk som i grammatikk og omgrepstilfang skil seg markant frå den bibelske språkverda, er dette inga enkel sak.

Av og til må vi konstruere nye ord, gjerne som samansette ord, eller vi translittererer bibelske ord. I våre vestlege såkalla kristne kulturar må vi stadig revurdere lenge brukte ord og uttrykksmåtar mot nye alternativ. Oftast er det vel mest naturleg å gjenopplive dei gamle orda, i alle fall i den grad dei er nytta i bibelomsetjingane våre, og ikkje så fort skifte dei ut med nyare ord. Eit eksempel på eit utskifta ord er «rettferdiggjere» – som er skifta ut med «erklære rettferdig.» «Fader vår» er også no i siste bibelomsetjinga frå Bibelselskapet skifta ut med «Vår Far.»

---

<sup>4</sup> Jf pkt. 2.3.3.2 i mi doktoravhandling, «*Grace Alone* in Contexts of «*Self-Cultivation*» (Stavanger: MHS-forlaget, 2006), 78-91.

## **2 Bruer/ tilknytingspunkt**

Vidare vil kontekstualisering dreie seg om å kartlegge og analysere læremessige tilknytingspunkt for budskapet og vurdere korleis desse kan nyttast best mogeleg som bruer inn til tilhøyrarane utan at sjølve openberringsbudskapet vert endra. Kristendommen presenterer seg som kommuniserbar på alle slags språk. Den gjev rom for eit mangfald av kulturformer og kulturelement. Kulturane sine tankar, tenkjemåtar, uttrykksformer og mest av alt dei lokale språka vil derfor kunne fungere som bruer og kontaktpunkt for formidlinga av den kristne budskapet og dermed hindre at budskapet artar seg som heilt framand. Vi spør spesielt etter likskapstrekk og parallellar mellom konteksten og kristendommen.

Alle kontekstar byr fram element av naturleg openbering som kan stadfestast og utnyttast som kontaktpunkt. Det vil spesielt dreie seg om skapartrua, skaparordningane og moralen. Ingen kontekst er slik at den totalt må avskrivast, men alle kontekstar treng nytolking og omforming i lys av den kristne røyndomsforståinga. Det er avgjerande viktig for tilliten til misjon og misjonærar at det som er ære verdt og kan takast vare på i den lokale samanhengen vert verdsett og framheva. Det gjeld ikkje minst det lokale språket. Det at misjonærar lærer seg det lokale språket, og ikkje så sjeldan har vore dei som har gjeve språket ei første skriftleg form, og omset budskapet og etter kvart heile Bibelen til lokalspråket, dette har vore avgjerande for inngangen, for å bli lytta til og bli vist tillit. Det er lettare å akseptere at det er mykje av gamal kultur og tru som må avvisast når det samstundes er mykje som vert verdsett.

Når det gjeld evangeliet, finst det knapt substansielle kontaktpunkt. Likevel må korsets dårskap forkynnast. Det finst ei sann anfeking ved korset vi ikkje kan unngå – forarginga over at Gud vart menneske og tok ansvaret for verda si synd. Forkynninga av evangeliet vil aldri bli politisk korrekt. Vi finn likevel ei rekkje allmennmenneskelege behov og meir formelle likskapstrekk å knytte evangeliet til.

## **3 Barrierar/konfrontasjonspunkt**

Ingen kontekst er slik at den totalt må avskrivast. Alle kontekster representerer likevel ei lang rekkje element som må kritiserast og avvisast sett frå ein kristen synsstad. Det er avgjerande viktig å kartlegge element i konteksten som ikkje lar seg akseptere frå ein kristen synsstad. Slike element fungerer som barrierar overfor den kristne budskapet. Enkelte slike element kan la seg omforme innhaldsmessig slik at dei lar seg bruke. Andre er det greiast å

avvise utan forsøk på transformering. Dei tyngste barrierane finn vi vanlegvis innanfor dei minst synlege elementa i konteksten – som for eksempel i ei panteistisk gudsforståing eller ei relativistisk erkjenningforståing.

Meir spesifikt bør vi vurdere følgjande strategiar for takling av læremessige barrierar:

(1) *Avdekke eventuelle indre spenningar og motsetningar innan konteksten:* I forhold til postmodernistisk tenking vil det ikkje minst vere aktuelt å *imøtegå den postmoderne relativismen* – å avdekkje den som sjølvmotseiande og manipulerande.

(2) *Stille spørsmål og utfordre på bakgrunn av tankar vi kan rekne som allmenn openberring (allmenne erfaringar som sanningsindikatorar):* Det kan mellom anna dreie seg om respekten for menneskeverdet, familien som grunnleggande struktur, tankar som ein skapargud og ein moralsk orden i tilværet.

(3) *Stille spørsmål og utfordre ut frå Bibelen:* Så seier Bibelen – verdens mest omsette, trykte og leste bok. Er dette ein tanke som kan tenkast? Er dette noko du kan feste tiltru til? Vekkjer det tillit hos deg? Vågar du å la denne boka og budskapet den har, utfordre deg? Det dreier seg om trua på Andens kraft i funksjon når Ordet vert forkynt uansett kva kontekst det måtte dreie seg om.

(4) *I siste omgang vil ein ikkje kunne unngå å direkte konfrontere synspunkt i konteksten som ikkje kan sameinast med den kristne læra.* Av og til kan angrep vere det beste forsvar, det gjeld å sanse om situasjonen tilseier at eit angrep vil fungere.

Ikkje minst i dei to siste punkta dreier det seg om å stole på Den Heilage Andes verkekraft i Ordet, til overtyding om synd, dom, frelse og nytt liv ved trua på Kristus.

#### **4 Nye innsikter og nyansar i den kristne budskapet vert ekspliserte.**

Den bibelske budskapet inneheld implisitt eit vell av nyansar som vil kunne ekspliserast og utfaldast i aukande grad i møte med nye kontekstar. Det dreier seg om det vi kan omtale som ein hermeneutisk spiral. Kristendommen representerer ei heilskapsforståing av tilværet. Av dette følgjer at til meir av tilværet med sine mange kontekster vi relaterer den til, til meir utvidar vi vår forståingshorisont, og til fleire nyansar av budskapet vert utfalda. Budskapet får nye og fleire kontrastbakgrunnar. Applikasjon av budskapet på nye kontekster vil såleis utvide vår kristne innsikt. Det dreier seg altså her om meir enn ei rein omsetjing av budskapet til ei ny kontekst.

Det dreier seg likevel *ikkje* om oppheving, parkering eller korrigerering av bibelske innsikter. Det dreier seg om nyansering og utdjuping – om å *vekse i nåde og kjennskap til Kristus*, ikkje berre som enkeltkristne, men som kristen teologi og som Guds folk som heilskap. Den kristne budskapet er ein budskap som siktar mot å femne alle kontekster, ulike som dei er. Derfor vil betydningspotensialet i budskapet bli utfalda med ulik vektlegging i dei ulike kontekstane. Og budskapet vil vise seg å kunne utfalde seg med stadig nye nyansar, men ikkje i motsetning til det som allereie er utfalda i truskap mot Bibelen. Det kan også skje at element som vart sterkare vektlagt tidlegare, får ny aktualitet i ein ny kontekst. Kontekstualisering representerer såleis eit potensial for ein vidare eksplisering av implisitte og legitime aspekt og nyansar i den kristne budskapet. Konteksten kan også bidra med nye element av naturleg openberring.

## Oppsummering

Så er det dette praktisk kontekstualisering må dreie seg om:

- (1) Omsetjingsarbeid med finsliping av nye ord for dei sentrale kristne omgrepa i eit nytt språk
- (2) Utnytting av tilknytingspunkt som bruer inn til ein ny kultur
- (3) Konfrontering der trusbarrierar dukkar opp
- (4) Utkikk etter innsikter som kontekstualiseringa gjer meir eksplisitte



**FJELLHAUG  
INTERNASJONALE HØGSKOLE**

Sinsenveien 15, 0572 OSLO  
Telefon: 23232400  
Telefax: 23232410  
Internett: [www.fjellhaug.no](http://www.fjellhaug.no)  
Epost: [post@fjellhaug.no](mailto:post@fjellhaug.no)

**NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND**

Sinsenveien 25, 0572 OSLO  
Telefon: 22007200  
Telefax: 22007203  
Internett: [www.nlm.no](http://www.nlm.no)  
Epost: [hovedkontoret@nlm.no](mailto:hovedkontoret@nlm.no)

**INNSYN**

**FiH** Fjellhaug  
Internasjonale  
Høgskole

INNSYN er et halvårsskrift som utgis av Fjellhaug Internasjonale Høgskole og Norsk Luthersk Misjonssamband. Tidsskriftet skal være et forum for informasjon og meningsutveksling om misjonsstrategiske spørsmål, primært med grunnlag i undersøkelser og erfaringer fra arbeidet på NLMs misjonsfelter. Innsyn vil også orientere om aktuell misjonslitteratur og viktige misjonskonferanser.

Et redaksjonsutvalg drøfter hvordan man skal skaffe tjenlige bidrag og vurderer stoffet som skal være med i hvert nummer. Artikler og andre bidrag bør være korte. De må gjerne vise til fyldigere materiale, dersom dette er tilgjengelig. Alle artikler skal være signerte med fullt navn. Redaksjonen utfordrer misjonærer og andre til å sende inn artikler eller foreslå tema som bør tas opp.

Artikler og meldinger til redaksjonen kan sendes til INNSYN, Fjellhaug Internasjonale Høgskole eller til redaktøren, Arne Redse, epost: [aredse@fjellhaug.no](mailto:aredse@fjellhaug.no)

Fjellhaug Internasjonale Høgskole gir utdanning i musikk, kristendom, teologi og misjon. Utdannelsen har et dobbelt sikte: Menighetsbyggende arbeid ute på misjonsfeltene og ulike former for arbeid i Norge der kompetanse innen kristendom er tjenlig.

Norsk Luthersk Misjonssamband er en luthersk misjonsorganisasjon som sender misjonærer til en rekke land i Asia, Afrika og Latin-Amerika.